



## Statens vegvesen

Bjugn kommune  
Alf Nebbs gate 2  
7160 BJUGN

Behandlende enhet:  
Region midt

Saksbehandler/telefon:  
Tone Hammer / 73582640

Vår referanse:  
15/212351-56

Deres referanse:

Vår dato:  
20.06.2016

### **Fv. 710 Storkruktjønna – Høgseterhaugen, reguleringsplan. Oversendelse av planforslag til vedtak etter plan- og bygningslovens § 12-10, 3. ledd.**

Oversender med dette forslag til reguleringsplan for fv. 710 parsell «Storkruktjønna – Høgseterhaugen» for vedtak. Etter avtale med Bjugn kommune har Statens vegvesen sjølv lagt ut planforslaget til offentlig ettersyn og sendt den på høyring til berørte myndigheter. Høyringsperioden var 5. mai – 15. juni 2016. Det kom inn i alt 11 merknader til planforslaget.

Merknadane er tatt med som vedlegg til brevet her. Kvar av merknadane er oppsummerte og kommenterte av Statens vegvesen i tillegg til at kopi av merknadane er tatt med.

Planbeskrivelsen er korrigert med nytt kostnadstall etter at det er gjennomført eit nytt kostnadsoverslag.

I forhold til høyringsutkastet er det gjort få endringar på plankart og i bestemmelser. Det er gjort endringar i planbestemmelsene som følge av merknaden frå Bjugn kommune. Nytt formål, Grøntområde, og bestemmelser til dette er tatt inn, og ny nummerering er tatt inn.

Det er lagt vekt på å gjere strekninga lettare framkommeleg enn dagens og sikkerheita skal bli betre. Det meste av strekninga frå ny veg. Planområdet starter ved Storkruktjønna, der veglinja blir flytta mot nord, mellom anna for å unngå eit kvikkleireområde nordvest for tjønna. Lengda på ny veg blir lengre enn dagens, men den vil få ein mykje betre kurve og betre stigning. På grunn av at vegen på leggast utafor kvikkleireområde vil det bli relativt høge fjellskjeringar på begge sider av bekken (Krukbekken). Skjeringane vil bli ca. 20 – 25 m på vestsida og ca. 10 – 15 meter på austsida. Nord for Storkruktjønna føres ny veg nær dagens (profilområdet 2550 – 2720). Deretter legges den på nytt for dagens veg ved Botnet. Adkomst til skog og utmarksareal på motsatt side av ny veg er sikra. Vegen blir ført langs fjellsida og liggande vekslande mellom skjering og på fylling fram til profil 3000. Der går vegen i tosidig fjellskjering, med høgde ca. 3–5 meter på venstre side og skjeringa på høgre side (mot søraust) blir utslaka. I profilområdet 3150 – 3550 blir vegen liggande på ei nokså

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 MOLDE

Telefon: 02030  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Prinsensgate 1  
7013 TRONDHEIM

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

høg fylling for å oppnå akseptabel stigning. Ingen stigning er brattare enn maksimumskravet i den vegstandarden som er valgt. Planen viser maksimum stigning på 6% der 8% er minimumskravet i standarden. Vegstandard er UHØ2, med 7,5 meter brei veg medrekna skulder. Der det er mogleg blir sideterrenget utslaka slik at det ikkje er behov for rekkverk. Farten planlegges til 80 km/t. Mykje av veganlegget ligger eit stykke vekk frå dagens veg og anlegget vil ikkje vere særskilt vanskeleg å gjennomføre. Tilråding om arbeidet i og nært inn til kvikkleireområdene er tatt inn i eigne rapportar og gjort forpliktande i bestemmelsene. Det skal dermed ikkje vere rasfare. Gammelvegen vil bli tilbakeført til tilgrensande eigedomar og går ut som offentleg veg. Ingen vil miste sine avkøyringar til fylkesvegen, emn alle vil få ei meir trafikksikker utforming. Støyforholda vil bli betre for eit par eigedomar fordi ny veg blir trekt lenger vekk frå bygningane. Det planlegges riggområde lengst vest i anlegget og eit deponiområde lengst aust (mellom ny og gammel veg). Terrenget vil bli tilpassa og tilbakeført til opprinneleg formål.

Vi håper på ei rask behandling av reguleringsplanen og ber om å bli kontakta dersom der er uklare forhold med planforslaget. Planforslaget har vore presentert for planutvalget ved utlegging til offentleg ettersyn og det ikkje gjort store endringar på plankart eller i bestemmelsane etter det.

Ressursavdelinga plan og prosjekteringsseksjonen  
Med hilsen

Hammer Tone  
planprosjektleder

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*